

Til:

Asle Ingebretsen
Emilian Kverme
Jone Klausen
Marie Aniksdal
Sara Rugland
Thea Aarsland
Tone Ueland

Elev 3. klasse
Elev 4. klasse
Elev 4. klasse
Elev 3. klasse

Dykkar ref.

Vår ref.
19/4609 HELEArkivkode
035Dato
06.02.2019**Vigrestad skule - SMU - referat frå møte 4. februar 2019**

Dato: 04.02.2019

Tid: kl. 18:00

Desse møtte: Emilian Kverme, Jone Klausen, Sara Rugland, Thea Aarsland, Tone Ueland, Asle Ingebretsen, Marie Aniksdal og Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

Forfall:

Saker:**01/19 Godkjenning av innkalling og referat**

Godkjent

02/19 Inkluderande skulemiljø,prosjekt .

Rektor orienterte om prosjektet og satsinga som skulen har på å skapa eit skulemiljø der elevane kjenner seg inkludert og verdsatt både inne og utafor klasserommet.

Elevane sette ord på kva som var bra og kva som skapte motivasjon og kjensle av inkludering både i undervisninga og i friminutta.

Blandt anna seier dei:

- Me merker at dei vaksne er tett på og grip inn om dei ser nokon som ikkje har det bra.
- Det er bra det at me har styrte leikegrupper i første friminutt kvar dag. Då har alle nokon å leika med og me vert kjent med nye og får nye venner.
- Me likar godt å arbeida med lærevenner i timane.
- Det er gildt med stasjonsundervisning. Då er me på grupper og det er mykje variasjon i kva oppgåver me får t.d spel osv.

03/19 Motivasjon for læring/ satsing i Hå Kommune 2019-2020

Elevane i Hå kommune kjem dårleg ut på elevundersøkinga i 5. og 7. klasse på spørsmål som omhandlar motivasjon for læring. Resultata i basisfaga for elevane i Hå ligg og ofte under nasjonalt snitt. Elevane i Hå trivst på skulen, men dei lærer for lite.Hå kommune ynskjer å gjera noko med dette.

Rektor orienterte frå barn og unge sitt kommunestyre, BUK, hausten 2018.

Elevane der uttalte kva dei tenkte kunne vera med å auka motivasjon for læring.

BUK- 001/18 Vedtak:

Elevar på barneskulane seier:

1. Lekser: mindre heimearbeid, med timer på skulen der me kan få gjort leksene eller færre lekser. Skal noko gjerast heime må det være kjent stoff.
2. Variert undervisning: arbeidsplan, gruppearbeid, elevaktivitet, kahoot, film, spel, forsøk og leika ute.
3. Meir fysisk aktivitet.
4. Meir ekskursjonar.
5. Valfag på mellomtrinnet.

Hå kommune ynskjer at heim og skule skal ta tak i dette.

Kva kan foreldre bidra med for å auka lærelysta hos elevane?

FAU på Vigrestad skule tek eit eige møte om dette for å koma fram til meir konkrete tiltak.

Neste FAU møte - 27.3. Kl. 19.00

Dette må og verta eit hovudtema på foreldremøte i vår.

Forslag om tidspunkt til foreldremøte er 29. april.

04/19 Framdriftsplan Folkebibliotek.

Vigrestad skule ved SU/FAU ynskjer å få fortgang på folkebiblioteket i bygda.

Ein ser at barn og unge her på Vigrestad over lengre tid har vore utan bibliotek. Dette tykkjer me er uheldig i forhold til kommunen si satsing på lesing. Dette fører til at bygda har dårlegare tilgang til bøker enn nabobygdene.

FAU/SU sender eige brev til etatsjefen/ skulesjefen om denne saka

Eventuelt

Det er kome ynskje om å få bokmål klasse. Sjå retningslinjene til kommunen.

Med helsing

Hå kommune

Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

referent

Kopi til:

Grete Waldeland Høiland

Hilde Fisketjøn

Per Ivar Aniksdal

Vadlandsvegen 125

4362

VIGRESTAD

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur